



Arkivnr: 2016/3392-18

Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Ronny B Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016

Tilskot til kulturbrygg med regionale funksjonar 2016

Samandrag

Hordaland fylkeskommune fordeler kvart år tilskot til kulturbrygg med regionale funksjonar.

Retningsliner for ordninga vart vedteke av Kultur- og ressursutvalet 11.9.2012. Hovudføremålet er å bidra til etablering av kulturbrygg med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Tiltaka må vere av ein slik art at det har regional verdi, funksjonar og/eller nedslagsfelt og skal fungere som kulturelle møtestader. Tiltaka skal og stø opp under Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk nedfelt i regionale planar.

Ordninga er ei fylkeskommunal tilskotsordning med statleg medverknad i form av spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg. Hordaland fylkeskommune har den samla forvaltning av ordninga, gjer vedtak om fordeling og utarbeider regionale retningsliner i samsvar med regionale prioriteringar og statlege rammer for ordninga. Jfr Kulturdepartementet sine «Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg 2010» samt Rundskriv V-16N/2009.

Hordaland fylkeskommune har vedteke to sjølvstendige tilskotsordningar for kulturbrygg - ei lokal ordning som er fullfinansiert med spelemidlar og ei regional ordning som er finansiert av fylkeskommunale og statlege midlar. Bakgrunnen var at Hordaland - i tillegg til forvaltninga av spelemidlar til lokale bygg - ynskte å prioritere prosjekt som kunne ivareta regionale funksjonar på feltet, og stø opp om regionale planar og prioriteringar. Gjennom å slå saman fylkeskommunale og statlege midlar til ei tilskotsordning vert det lagt til rette for ei styrka satsing på feltet.

Overskotet frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 12 .april 2016. Den endelige summen som Kongen i Statsråd fordele til kulturføremål, var 655,2 mill. kroner. Av desse midlane skal 63,7 mill. kroner fordelast til den desentraliserte tilskotsordninga for i 2016. Forvaltinga av den desentraliserte ordninga for kulturhus er delegert til fylkeskommunane. Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet. Tilskotet til Hordaland fylkeskommune i 2016 er kr 5 118 278

For Hordaland er tildelinga frå spelemidlane redusert med 4 865 324 på to år.

Fylkesrådmann foreslår å tildele kr 1 919 079,- til kulturbrygg med regionale funksjonar frå spelemidlane. I budsjett for 2016 har Hordaland fylkeskommune sett av kr 4 500 000,- til kulturbrygg med regionale funksjonar. Renter og avdrag på lån til Grieghallen skal også gå frå tildeling til regionale kulturbrygg. Det er i tillegg kr 1 700 000,- i ikkje fordelte midlar frå 2013. Samla beløp til fordeling til kulturbrygg med regionale funksjonar 2016 er etter dette kr 8 119 079,-.

Fylkesrådmann rår til at midlane vert fordele i samsvar med oppførte kriteria.

Forslag til vedtak

KOMMUNE	SØKER	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING
Bergen	Grieghallen		kr 3 319 079	kr 3 319 079
Askøy	Nye Herdla Museum	kr 13 515 000	kr 2 300 000	kr 1 000 000
Bergen	Kode 1	kr 8 000 000	kr 500 000	kr 500 000
Bergen	Flaggfabrikken Centralize Bergen	kr 3 264 000	kr 1 400 000	kr 1 000 000
Bergen	Wrap	kr 4 163 000	kr 1 134 000	kr 500 000
Fjell	Bakscenen	kr 205 000	kr 205 000	kr -
Kvam	Messen Kunst og Kulturhus Ålvik	kr 1 500 000	kr 400 000	kr 400 000
Kvam	Hardanger Fartøyvernsenter	kr 64 590 000	kr 11 000 000	kr -
Odda	Sentralbadet litteraturhus Odda	kr 6 150 000	kr 2 050 000	kr 900 000
Odda	Tysso I kraftstasjon	kr 1 781 000	kr 844 000	kr 500 000
Sund	Nordstøfartmuseet i Telavåg	kr 1 371 000	kr 600 000	kr -
		kr 104 539 000	kr 23 752 079	kr 8 119 079

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.07.2016

Retningsliner for ordninga vart vedteke av Kultur- og ressursutvalet 11.09.2012. Hovudføremålet er å bidra til etablering av kulturbygg med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Tiltaka må vere av ein slik art at det har regional verd, funksjonar og/eller nedslagsfelt og skal fungere som kulturelle møtestader. Tiltaka skal og stø opp under Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk nedfelt i regionale planar.

Hordaland fylkeskommune har den samla forvaltninga av ordninga, gjer vedtak om fordelinga og utarbeider regionale retningslinjer i samsvar med regionale prioriteringar og statlege rammer for ordninga. Jfr. mellom anna Kulturdepartementet sine *Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg 2010* samt *Rundskriv V-16N/2009*.

Frå retningslinene kan nemnast:

- Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturvern tiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.
- Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.
- Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper.
- Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Det vert kvart år meldt inn store behov for medverknad til finansiering av kulturarenaer. Hordaland fylkeskommune har difor vedteke to sjølvstendige tilskotsordningar for kulturbygg, ei lokal ordning som er fullfinansiert med spelemidlar og ei regional ordning som er finansiert av fylkeskommunale og statlege midlar. Bakgrunnen var at Hordaland - i tillegg til forvaltning av spelemidlar til lokale kulturbygg - ynska å bidra til eit sterkare regionalt fokus ved å prioritere prosjekt som kunne ivareta regionale funksjonar på feltet, og stø opp om regionale planar og prioriteringar. Ei slik løysing gjorde det mogleg å slå saman fylkeskommunale og statlege midlar til ei tilskotsordning og leggje til rette for ei styrka satsing på feltet.

Overskotet frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 12 .april 2016. Den endelige summen som Kongen fordele til kulturføremål, var 655,2 mill. kroner. Av desse midlane skal 63,7 mill. kroner fordelast til kulturbygg. Den desentraliserte tilskotsordninga for kulturhus skal tilførast kr 63 734 000 av den delen av spelemideloverskotet som skal nyttast til kulturbygg i 2016. Forvaltinga av den desentraliserte ordninga for kulturhus er delegert til fylkeskommunen. Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet. Tilskotet til Hordaland fylkeskommune i 2016 er kr 5 118 278

For Hordaland er tildeling frå spelemidlane redusert med 4 865 324 på to år.

Fylkesrådmann foreslår å tildele kr 1 919 079,- til kulturbygg med regionale funksjonar frå spelemidlane. I budsjett for 2016 har Hordaland fylkeskommune sett av kr 4 500 000,- til kulturbygg med regionale funksjonar. Renter og avdrag på lån til Grieghallen skal også gå frå tildeling til regionale kulturbygg. Det er i tillegg kr 1 700 000,- i ikkje fordelte midlar frå 2013. Samla beløp til fordeling til kulturbygg med regionale funksjonar 2016 er etter dette kr 8 119 079,-.

Det er kome inn 10 søknadar innan fristen. Alle søknadar kan realitetshandsamast.

1. Museum Vest – Nye Herdla Museum
2. Kunstmuseene i Bergen – Kode 1
3. Flaggfabrikken Centralize Bergen
4. Wrap
5. Bakscenen
6. Messen Kunst og Kulturhus Ålvik
7. Hardanger og Voss Museum – Hardanger Fartøyvernsenter
8. Sentralbadet litteraturhus Odda
9. Tysso I kraftstasjon
10. Nordsjøfartmuseet i Telavåg

Fordeling:**Grieghallen – avsetning**

Det er avsett kr 3 400 000,- i budsjett til Grieghallen i 20 år. Dette beløpet skal dekke fylkeskommunen sin del av opprustinga av Grieghallen. Dette er renter på lån. Summen er avhengig av rentesituasjonen. I 2015 var det avsett 3 400 000,-, men det vart kr 3 319 079,- som vart renter på lån. Eventuelt overskytande frå det avsette kr 3 400 000,- går inn til fordeling neste å på tilskotsordning for kulturygg med regionale funksjonar.

1. Museum Vest – Nye Herdla Museum

Askøy kommune søker om kr 2 300 000,- til Nye Herdla Museum. Frå 2010 har museet vore etablert på Herdla fort med eige utstilling i det gamle mobiliseringsslager til forsvaret. Hovudattraksjon er det tyske jagerflyet «Gul-16», men museet disponerer og eit lokale for skiftande utstillingar og har ansvar for det freda torpedobatteriet som er lokalisert på fortsområdet. Både publikumsutvikling og rasjonell drift tilseier at museet bør samle all si aktivitet på Herdla fort. Det nye bygget er skissert til 360 kvm med kafe/informasjon, utstillingsarel, serviceareal og andre funksjonar for museum. Kostnad på kr 13 515 000,-. Tildelt kr 700 000 i 2014

Vurdering: Dette er eit viktig tiltak for å samle all aktivitet på Herdla fort, det er og laga ein overordna plan for heile området. Fylkesrådmannen tilrår støtte til tiltaket.

Tilråding: kr 1 000 000,-

2. Kunstmuseene i Bergen – Kode 1

Kode 1 søker om støtte til ei omfattande renovering; nytt tak, klimaanlegg, skallsikring og innvendig med nye sikkerhetssystem og utbetring av skadar frå vatn. Kostnad er kr 8 000 000,- og søknadssum kr 500 000,-

Vurdering: Dette er eit viktig museum som treng ei modernisering. Fylkesrådmann tilrår å støtte tiltaket.

Tilråding: kr 500 000,-

3. Flaggfabrikken Centralize Bergen

Centralize Bergen er eit initiativ for å utvikle ei ny kunstnarorganisasjon. Initiert av Flaggfabrikken og Platform Stockholm vil organisasjonen ha fire hovudkomponentar; galleri, profesjonelt verksted, 45 nye kunstnarstudio og administrasjon.

Vurdering: Det må gis støtte til organisasjonen nå dersom dei skal få leige lokale. Fylkesrådmann tilrår støtte til bygg-kostnadar.

Tilråding: kr 1 000 000,-

4. Wrap

Wrap søker om tilskot på kr 1 134 000,- til ombygging og oppgradering av lokalar. Kostnadssum på kr 4 163 000,-. Wrap driv produksjonsarena for samtidskunst. Dette driftast profesjonelt og ideelt av og for kunstnarar innan fleire sjangrar, deriblant scenekunst, visuell kunst og musikk. Etter 6 år og etter tydelig vekst av kunstproduksjon i Hordaland har Wrap no behov for utbetringar av lokala. Dei treng ein meir optimal bruk av arealet. Dei vil da kunne huse fleire produksjonar parallelt. Det vert ein meir smidig arbeidsflyt for alle, spesielt for store tverrfaglege produksjonar.

Vurdering: Dei fekk 250 000,- i tildeling i 2015. Fylkesrådmann tilrår å støtte tiltaket videre med kr 500 000,-

Tilråding: kr 500 000,-

5. Bakscenen

Scene bak Sartor Storsenter. Hovudfokus vil vere å bli eit regionalt senter for improvisasjonsteater og skape eit felles miljø for dei gruppene som driver med improvisasjon. Vil og ha ope lokale for andre kulturelle grupper.

Vurdering: Dette driftas av ei friviljug organisasjon. Har meir preg av eit lokalt tiltak. Fylkesrådmann tilrår ikkje støtte til dette prosjektet under denne ordninga

Tilråding: Avslag

6. Messen Kunst og Kulturhus Ålvik

Messen søker om tilskot på kr 400 000,- til attst  ande oppgradering av energi  konomisering og ventilasjon i maleatelier. Kunsthuset Messen st  r for drifta i huset med arbeidsplassar for gjestekunstnarar og fastbuande kunstnarar fr   regionen. Huset tar 5-8 gjestekunstnarar samtidig fr   heile verda. Dei f  r hybel med felles kj  kken og arbeidsrom. Det er ogs   to leilegheiter kor det bur eit kunstnarpai i ei med oppg  ve    vera vertskap og vaktmeistarar. Fem kunstnarar i regionen har sine atelier og arbeidsplass her, samt ein musikar som har   vingsrom der han og tar i mot elevar. Messen fekk tildelt 1 million i 2012 til kj  p og 200 000,- til oppgradering i 2014.

Vurdering: Fylkesrådmann tilrår å støtte prosjektet for å få bedre bruk av atelier..

Tilråding: 400 000,-

7. Hardanger Fartøyvernsenter

Hardanger Fartøyvernssenter er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og museum for maritim kultur. Dei vil etablere eit permanent publikumsmottak i sjøhuset som ligg i forlenging av den nye Strandvegen. Kostnadsoverslag må oppiusterast frå 6 til 10 mill pga grunnforhold som må stabilisera

Vurdering: Hardanger Farøyvernseter fekk kr 1 900 000 i 2013 til dette tiltaket. Fylkesrådmann finn ikkje å støtte med meir tilskot til dette prosjekt.

Tilråding: Avslag

8. Sentralbadet litteraturhus Odda

Sentralbadet litteraturstøtte Stiftelsen skal gjennom aktiviteter i Sentralbadet litteraturs, som t.d. Litteratursymposium, seminar, debattar, opplesingskveldar, konserter, utstillingar, skrivekurs, skulebesøk og leirskule inspirere til auka interesse for norsk og utanlandsk skjønn- og faglitteratur

Vurdering: Dei fekk tildelt kr 500 000,- i 2012. Fylkesrådmann tilrår støtte til tiltaket for ferdigstilling av 2. etg.

Tilråding: kr 900 000 -

9. Tysso I kraftstasjon

6. Tysso I Kraftstasjon
Ettersom Tysso I kraftstasjon vert brukt meir er det behov for fleire publikumstoalett og ikkje minst universelt utforma toalett. Difor søker dei om støtte til Toalettanlegg nord i stasjonen. Dette tiltaket vil vera avgjerande for framtidig utvikling av kraftasjonen og uteområdet. Gi høve i enda større grad å nå ut med formidling av det nasjonale kulturminnet Tysso I, med kulturminnet som arena for utøving og formidling av eit breitt spekter av kunst- og kulturformer. Kraftfulle opplevingar med historisk kraft.

Vurdering: Dei fekk tildelt kr 1 540 000,- i 2013. Fylkesrådmann tilrår støtte til tiltaket for framtidig utvikling av stasjonen.

Tilråding: kr 500 000,-

10. Nordsjøfartmuseet i Telavåg

Nordsjøfartmuseet søker om kr 844 000,- i tilskot til oppgradering. Nordsjøfartmuseet er eit godt etablert museum innanfor krigs- og okkupasjonsfeltet i Hordaland. Elevar frå heile Hordaland vitjar museet årleg. Museet er og eit av fyrtårna i turistsatsinga til regionen, og har til dømes avtale med eit internasjonalt reiseselskap som gjestar dei med turistar frå alle verdsdelar. Artistar med nasjonalt ry held konsertar her, frivillige organisasjonar nyttar huset i ulike høve. Kjøkken må moderniserast, og resepsjon må tydeleg signalisere tilbod når det gjeld museumsformidling, museumsbutikk og servering.

Vurdering: Museet treng ei oppgradering av sine fasilitetar for å imøtekome alle besøkande, men fylkesrådmann fikk ikkje midlar i denne tildelinga. Dei fekk tildelt 443 000,- i 2015

Tilråding: Avslag

Fylkesrådmann vil knye nokre kommentarar til dette.

Spelemidlane til kulturbygg er redusert frå 128 til 63 millionar kroner dei to siste åra, og altså meir enn halvert i denne perioden. I same periode har avsetningane for til dømes idrettsanlegg auka monaleg. For fylkeskommunane, og det regionale og lokale kulturlivet, vil dette ha betydelige negative konsekvensar. Midlane er svært viktige for å kunne oppretthalde og utvikle ein infrastruktur for det lokale og regionale kulturlivet. Hordaland fylkeskommunane har ikkje registrert at behovet for gode øvings- og framføringsarenaer har blitt redusert. Tvert i mot, er det stort etterslep både når det gjeld tilrettelegging, rehabilitering og nye arenaer. «Kulturutredningen 2014» synliggjorde at den lokale kvardagsskulturen – den kulturelle grunnmuren – måtte styrkast i kulturpolitikken. Tilskota til kulturbygg har vore viktige byggesteiner nettopp i den kulturelle grunnmuren, og det er i så måte uheldig at midlane til dette formålet nå er halvert.

Løyvinga til kulturbygg gjennom denne ordninga har vore relativt stabile fram til og med 2014. I åra etter har det vore ein reduksjon i løyvinga på meir enn 30 millionar kroner årleg på landsbasis.. Dette er grunnjewe med at stadig nye tiltak, som tidligare har vore finansiert over statsbudsjettet, i staden skal finansierast av spelemidlane. Salderingsposten har da vore løyvinga til kulturbygg.

Fylkesrådmannen meiner det er god grunn til å stille spørsmål ved disse endringane, og vil framheve at:

- Tilskot til lokale og regionale kulturbygg er av stor tyding for den kulturelle grunnmuren, og derfor for det lokale og regionale kulturlivet
- Behova i kommunar og lokalsamfunn er store, og reduksjonen i løyvingane til lokale og regionale kulturbygg vil derfor ha svært negative konsekvensar
- Det er grunn til å reise prinsipielle spørsmål ved at stadig nye tiltak skal finansieras av spelemidlane.
- Ved innføring av forvaltningsreforma i 2010 blei det skapt ein forventning om vesentleg auke av desse midlane, og det førte til auka aktivitet og planlegging.
- I sum gjer dette også fylkeskommunane sin forvaltning og prioritering av disse midlane uforutsigbar, og svekker i vesentlig grad fylkeskommunens høve til å vere ein regional utviklingsaktør på kulturområdet.

Tilskota til kulturbygg gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, har over tid vist seg å vere av svært stor tyding, og den drastiske reduksjonen i løyvinga til dette formålet dei to siste åra vil derfor ha svært negative konsekvens for det lokale og regionale kulturlivet i hele landet. Ein ytterligare reduksjon vil sette heile ordninga i fare.